

VEDTEKTER  
FOR  
HARDANGERBRUA AS

av 26.01.1996, endra 26.06.2000, 10.02.2004 og 30.05.2012.

§1

Selskapet sitt navn er Hardangerbrua AS.

§2

Selskapet skal ha si forretningsadresse i Ullensvang Herad.

§3

Selskapet sitt føremål er bygging av bru over Hardangerfjorden med tilførselsvegar på begge fjordsider. Selskapet skal også stå for finansiering av den delen staten ikkje tek.

§4

Aksjekapitalen er på kr. 150.000,- fordelt på 15 aksjar kvar på kr. 10.000,- ført på navn og fullt innbetalt.

§5

Selskapet sitt styre skal vera på 7 medlemmer og 7 personlege varamedlemmer. Styremedlemmene skal oppnevnt slik:

- 4 representantar vert oppnevnt av Hordaland fylkeskommune
- 1 representant vert oppnevnt av Bergen kommune
- 2 representantar vert oppnevnt av dei andre aksjonærane, Eidfjord, Granvin, Kvam, Ullensvang, Ulvik og Voss kommune.

§6

Ordinær generalforsamling skal haldast kvart år innan utgangen av juni månad. Den ordinære generalforsamlingen skal handsama og avgjera:

1. Fastsetja resultatrekneskap og ballanse.
2. Disponera overskot eller dekkja underskot i medhald til fastsett ballanse.
3. Valg av styre og valnemd.
4. Andre saker som i medhald av lov eller vedtekter høyrer inn under generalforsamling.

§7

Overdraging av aksjar må godkjennast av styret.

§8

Ved overdraging av aksjar har dei andre aksjonærane forkjøpsrett til ein pris som ein kan oppnå av andre, eller ved skjøn.

Dersom fleire aksjonærar ønskjer å nytta seg av forkjøpsretten vert dei aksjar som er på salg fordelt i medhald av tidlegare eiga av aksjar. Dersom fleire aksjonærar ønskjer å kjøpa skal selskapet vedta tildeling.

Den som ønskjer å selja sine aksjar skal varsle styret med opplysning om kjøpetilbod. Styret skal straks varsle dei andre aksjonærane skriftleg. Dei som ønskjer å nytta seg av forkjøpsretten, må gi styret melding innan 30 dagar.

#### §9

Det vert for øvrig vist til gjeldande aksjelov.